UiT
NORGES
ARKTISKE
UNIVERSITET

Vedlegg 1

Universitetsleiinga
Arkivref: 2017/6565/OHU000
Dato: 20.4.2018

S 11-18

SAKSFRAMLEGG

Forslag til endring av forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) og forslag til ny forskrift for graden doctor philos (dr.philos.)

Innstilling til vedtak:

1. Forskrift om endring av forskrift om graden philosophiae doctor (ph.d.) ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet vert vedteken som føreslått.

2. Forskrift om graden doctor philosophiae ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet vert vedteken som føreslått.

3. Rektor får fullmakt til å vedta endringar i forskriftene dersom det blir nødvendig på grunn av endringar i organiseringa av ph.d.-programma.

Grunngiving:

Til pkt. 1 i forslaget til vedtak
UiT tilbyr graden philosophiae doctor (ph.d.). Graden er normert til tre år[1]. Per i dag har seks av fakulteta ph.d.-program. Eitt fakultet, BFE-fak, har to program, dei andre eitt. I tillegg har NT-fak ein nasjonal fellesgrad i lag med tre andre institusjonar. I 2017 hadde universitetet 798 ph.d.-studentar og 117 tok graden ph.d.[2]

Universitetsstyret fastset forskrift om graden ph.d., som er forskrift om opptak, studium og eksamen, med heimel i lov om universiteter og høyskoler (uhl.). Gjeldande forskrift vart vedteken 19.11.2012 og vart sist endra i 2014.[3] Ho er bygd på Universitets- og høgskolerådet (UHR) sine rettleiande retningslinjer for ph.d.-graden[4].

Bakgrunnen for dette revisjonsforslaget er endringar sidan førre revisjon. Mellom anna har styret vedteke at det skal vera obligatorisk midtvegsevaluering i ph.d.-studiet. I tillegg er det eit føremål med revisjonen å forenkla prosessar, i samsvar med premissane for Adm2020.

---

[1] Forskrift om grader og yrkesutdanninger, beskyttet tittel og normert studietid ved universiteter og høyskoler § 4 pkt. 10.
[2] Tal frå DBH
[3] Sak F 209/14, 2014/4056.
[4] *Veiledende retningslinjer for graden philosophiae doctor (ph.d.)* tilrådd av styret for UHR.

Forskrifta må endrast gjennom eiga forskrift, jf. forslag til forskrift om endring (vedlegg 1). Vi har hatt ein høyringsrunde jf. høyringsbrev 19.12.2017 (vedlegg 2). Forslag til endringar var innarbeidd i gjeldande forskrift og lagt ved høyringsbrevet (vedlegg 3). Saka har også vore diskutert i utvida leiarmøte.

Høyringsinstansane var særleg inviterte til å uttala seg om desse punkta:

- § 5 *Innhaldet i doktorgradsutdanninga;* har prøveførelesinga utspela si rolle i doktorgradsprøven?
- § 22 Kvalitetssikring og rapportering, forslag til nytt tredje ledd: Kva felles krav skal stillast til fakulteta si gjennomføring av midtvegsevaluering?
- § 32 *Handsaming av innstillinga.* Det var lagt fram to alternative forslag til enklare reglar, jf. merknaden om § 32 nedanfor.

I tillegg inneheldt høyringsutkastet forslag til mindre korrigeringar på bakgrunn av erfaringar med forskrifta og endringar som følgjer av andre saker ved UiT sidan førre revisjon av forskrifta. Fakulteta var også inviterte til å komma med forslag til endringar av andre delar av forskrifta.

Vi har fått svar frå BFE-fak, Helsefak, HSL-fak, Jurfak, NT-fak og UB (vedlegg 4-10). Samandrag av svara følgjer som vedlegg 11. Der er også dei enklaste endringsforslaga kommenterte.

Merknad til enkelte av paragrafane:

§ 5 *Innhaldet i doktorgradsutdanninga*

Fakulteta ynskjer å behalda prøveførelesinga som del av doktorgradsprøven. Dei har mellom anna lagt vekt på at førelesinga

- gir høgt læringsutbyte når det gjeld å setja seg inn i og presentera nytt fagstoff på kort tid
- er jobbrelevant
- gir studenten høve til å sjå eiga forsking i større perspektiv
- gir studenten høve til å visa at han/ho kan tileigna seg og formidle kunnskap
- har ei viktig rolle som supplement til avhandlinga
- kan auka publiseringa ved universitetet

Universitetsdirektøren viser til dette, og konkluderer med at det ikkje er grunnlag for å føreslå fjerning av prøveførelesinga. Men det blir føreslått ei endring i reglane om tidspunkt for prøveførelesing, jf. merknad til § 34 nedanfor.

§ 10 Opptak til emne i opplæringsdelen

Føremålet med dei føreslåtte endringane er å gjera reglane om opptak meir forståelege, dei inneber ingen realitetsendring.

Helsefak føreslår slik endring i beskrivinga av kategori 1: *Personar som er tekne opp til ph.d.-studiet, herunder forskerlinjer ved UiT.* (vedlegg 5 side 2). Til det er svaret at det ville ha opna for at studentar på forskarlinjer ved Helsefak kunne få plass på 8000-emne ved UiT uansett fakultet på lik linje med ph.d.-studentar. Dette meiner universitetsdirektøren at det ikkje er grunnlag for. I kvalifikasjonsrammeverket er det bestemt at det skal være forskjell på nivået til emne på bachelor-, master- og ph.d.-nivå, slik at emne på masternivå byggjar vidare på kunnskap studentane har erverva på bachelornivå og at emne på ph.d.-nivå byggjar vidare på kunnskap studentane har erverva på både bachelor- og masternivå. Forskarlinjestudentane i medisin, odontologi og (snart) psykologi kan byrja på forskarlinja etter eit års til tre års studiar. For emne i Helsefak sitt ph.d.-program vil våre forskarlinjestudentar ha same prioritet som våre ordinære

ph.d.-studentar, mens andre universitets forskarlinjestudentar vil rangerast etter deltakarar på UiT sitt førstelektorprogram og etter doktorgradsstudentar frå andre universitet. Vi legg til grunn at Helsefak har teke omsyn til dette forholdet når dei planlegg 8000-emne som er opne for forskarlinjestudentar, ved at dei har eit opplegg for å gje studentane den bistanden som trengst for å kunne ta emne som er to trinn opp i utdanningsstigen etter berre eit års studiar. Dette vil ikkje være tilfellet for dei andre fakultetas ph.d.-emne, og det vil ikkje vera riktig å påleggje andre fakultet å senke opptakskrava og å ta meirarbeidet det vil vera ved å ta opp studentar som ikkje har tilstrekkeleg forkunnskap til å følgje emna. Vi visar til opptakskravet i § 6 og til beskrivinga av opplæringsdelen i § 15 (vedlegg 3).

I fjor hadde vi eit eksempel som illustrerer dette godt: Ein forskarlinjestudent som hadde gått to år på medisinutdanninga søkte om opptak på et fysikk-emne på 8000-nivå. NT-fak meinte at studenten ikkje hadde tilstrekkelig forkunnskap til å vera kvalifisert, og difor ikkje ville vera i stand til å ta emnet utan fysikk-kunnskap på masternivå. Vedkommande blei difor ikkje teke opp på emnet. Universitetsdirektøren meiner det vil vera utfordrande for dei andre fakulteta om dei påleggjast det meirarbeidet som vil krevjast for at forskarlinjestudentar ved Helsefak skal ta 8000-emner ved deira fakultet.

§ 22 Kvalitetssikring og rapportering.
Fakulteta støttar forslaget om midtvegsevaluering, men Jurfak meiner ordninga bør vera meir open enn føreslått i høyringsbrevet (vedlegg 8 side 2). Vi har teke omsyn til tilbakemeldinga i utkastet til forskrift (vedlegg 1), og føreslår at det skal vera opp til kvart enkelt fakultet korleis det vil leggja opp evalueringa, jf. forslag til nytt tredje ledd. Som det går fram av forslaget, er det lagt inn føring om at potensialet for innovasjon og planane for publisering skal vurderast. Det er også føreslått at det skal vera eit krav at studenten presenterer ein revidert databehandlingsplan i samband med evalueringa.

Nokre av fakulteta er bekymra for finansieringa av midtvegsevalueringa. Dette held vi utanfor, og viser til at det er lagt til grunn at ordninga skal finansierast innafor eiga budsjettramme.
Det kom også merknadar til kravet til framdriftsrapportering. I høyringa var forslaget at det ikkje skal vera framdriftsrapportering det året ein student har midtvegsevaluering. BFE-fak ynskjer at det skal vera opning for å gjennomføra framdriftsrapportering også dette året (vedlegg 4), medan Helsefak føreslår at når midtvegsevalueringa blir etablert, skal det bli valfritt for fakulteta å ha framdriftsrapportering (vedlegg 5 og 6). Utvida leiarmøte uttrykte på si side at det er viktig å halda fram med rapporteringa.

Merknad: Med eit såpass kort studieløp som tre år kan det vera i overkant å krevja at alle ph.d.-studentar skal rapportera om framdrifta kvart år. Ordninga er tid- og kostnadskrevjande både for studentane, rettleiarane og administrasjonen. Det kan henda det er nok med midtvegsevalueringa i den ordinære opptaksperioden. Men det kan vera ei god investering å ha obligatorisk framdriftsrapportering for studentar som er i sitt siste år av ordinær studietid, og seinare år for dei som ikkje blir ferdige i løpet av normert tid[5].

Det går fram av tilbakemeldingane at fakulteta har ulik erfaring med framdriftsrapporteringa, universitetsdirektør føreslår difor at dei som ynskjer det kan gjennomføre framdriftsrapporter kvart år.

---

[5] Studentane har som hovudregel studierett i to år ut over opphavleg avtaleperiode, men slik fakulteta sin praksis er, har mange av ph.d.-studentane hatt studieplassen meir enn seks år. Som døme kan opplysast at 24 av 167 studentar (14 %) som tok til i 2008 framleis er registrerte som aktive (kjelde: FS).

§ 32 *Handsaming av innstillinga.*
Opphavleg var det komiteen som vedtok sensur for doktoravhandlingar i gradane dr.polit., dr. art. m.v.[6] Dette vart endra etter nokre år, truleg når institusjonane fekk høve til å fastsetja forskrifter sjølv. Det vart bestemt at komiteen berre skulle innstilla, og at det var fakultetet som skulle stå for sjølve sensurvedtaket og vedtaket om at ein disputas var godkjend og ein kandidat kunne kreerast.[7] For nokre år sidan vart det gjort ei forenkling ved UiT – det vart bestemt at komiteen si innstilling etter disputasen skulle leggjast til grunn utan behandling ved fakultetet (ph.d.-forskrifta § 37 første ledd, jf. vedlegg 3). Dette har fungert godt. På bakgrunn av denne erfaringa, er forslaget no at ordninga skal utvidast til også å gjelda komitéinnstillinga (vedlegg 2).

Ein viktig grunn til dette forslaget er føringa i Adm2020 om at arbeidsoppgåver skal forenklast. For ordens skuld kan opplysast at sidan sensorane sitt vedtak er tilstrekkeleg etter universitets- og høgskulelova[8], er det ikkje noko til hinder for ei slik endring.

Alternativa høyringsinstansane vart bedne om å uttala seg om, er:
- Alternativ I: det som no er komitéinnstilling vert endeleg sensurvedtak uansett konklusjon. Fakultetet skal ikkje gjera vedtak.
- Alternativ II: det som no er komitéinnstillinga vert endeleg sensurvedtak når innstillinga er samrøystes. Fakultetet skal ikkje gjera vedtak.

Helsefak og NT-fak går inn for alternativ I, medan BFE-fak og HSL-fak går inn for alternativ II. Jurfak ynskjer helst å behalda gjeldande ordning, men går subsidiært inn for alternativ II.

Universitetsdirektøren følgjer her fleirtalet av fakulteta, men slik at endringa skal gjelda berre for samrøystes positive innstillingar, altså eit tredje endringsalternativ. Bakgrunnen for denne konklusjonen er at det kan oppfattast som usakleg forskjellsbehandling at ein kandidat som får avhandlinga samrøystes underkjent ikkje skal få den fordelen det kan vera at fakultetet vurderer komiteen si innstilling, når ein som får avhandlinga underkjent med to mot ei stemme får det. Eit slikt omsyn gjer seg ikkje gjeldande når innstillinga er samrøystes positiv.

Dette blir likevel ei betydeleg forenkling av prosessen, då dei fleste innstillingar er samrøystes positive.[9]

§ 34. *Prøveførelesing*
Hovudregelen er at prøveførelesinga skal haldast etter at innstillinga er klar (§ 34, jf. vedlegg 3). I praksis held kandidatane prøveførelesinga same dag som disputasen. BFE-fak spør om førelesinga kan vera tidlegare i studiet (vedlegg 4), og NT-fak nemner at det kanskje kunne ha vore lenger pause mellom førelesinga og disputasen (vedlegg 9).

Ph.d.-studiet er normert til tre år. På den tida skal studentane ta ein opplæringsdel på eitt semester og skriva ei vitskapleg avhandling på to og eit halvt år, jf. krava til avhandlinga i § 19 (vedlegg

---

[6] Frå utfyllande reglar til dr.polit. og dr.art.-graden: *Disputasen skal være offentlig og er avhengig av at bedømmelseskomiteen har funnet den innleverte avhandlingen verdig til å forsvares* ... (S 137/86 30.4.1986 jnr. 4299/86/EB/ee/421).
[7] Dette er i samsvar med UHR si tilråding i rettleiande retningslinjer. Jf. lenkje i fotnote 4.
[8] Universitets- og høgskulelova § 3-9.
[9] Tal som byggjer opp under dette: I eit tilfeldig utval på 12 av dei 117 (10 %) som tik graden ph.d. i 2017 var alle innstillingane samrøystes positive (kjelde: UiT sitt arkiv). I 2017 vart det levert 106 avhandlingar. Fire av dei vart underkjende (kjelde: FS).

3). Etter universitetsdirektøren si vurdering er det ikkje plass til å utvida kravet til kva studentane skal gjera før avhandlinga vert levert. Det vil kunna gå ut over studiegjennomføringa, som ikkje er god nok per i dag[10]. Studentane treng openbert den tida dei har til å arbeida med avhandlinga. Førelesinga må med andre ord haldast etter at avhandlinga er levert.

Noko som kan tala imot å utvida ramma for når prøveførelesinga kan haldast, er at sjølve gjennomføringa kan bli dyrare, med meir reiseutgifter m.v. Universitetsdirektøren vil likevel tilrå ei slik opning, og føreslår at fakultetet skal kunna velja å gjennomføra prøveførelesinga i perioden mellom levering og disputas, men slik at kandidaten får tittelen på førelesinga først etter levering av avhandlinga (vedlegg 1, § 34).

Når det gjeld bakgrunnen for dei andre endringane som er føreslått, viser vi til merknadane i vedlegg 11. Dei fleste endringane kan gjennomførast straks, men det er nok behov for ein overgangsperiode når det gjeld innføring av midtvegsevaluering. Enkelte av fakulteta har alt starta med det, men ikkje alle. Forslaget i forskrifta er at ordninga med midtvegsevaluering skal vera gjennomført seinast for studentar som tek til på ph.d.-studiet hausten 2018, jf. forskriftforslaget pkt. 2, og at dei endra reglane for framdriftsrapportering skal gjelda for studentar som vert midtvegsevaluert.

Til pkt. 2 i forslaget til vedtak:
Graden doctor philosophiae (dr.philos) er ein fri grad, og er i ein viss forstand ei vidareføring av doktorgradsordninga slik ho var før lærestadane gjekk over til organisert forskarutdanning på 80-talet. Graden er ikkje normert, men det er ein premiss at dei faglege krava skal vera som for ph.d.-graden. Dette er ikkje ei mykje brukt ordning – i 2015 var det ein som tok graden, i 2016 tre og i 2017 ein.

Universitetsstyret fastset forskrift om graden dr.philos. med heimel i lov om universiteter og høyskoler (uhl.). Gjeldande forskrift (vedlegg 13) byggjer på den forskrifta som galdt før den organiserte forskaropplæringa kom i gang. Den var også utgangspunktet for dei delane av ph.d.-forskrifta som gjeld innlevering, vurdering og disputas, men medan ph.d.-forskrifta har vore mykje endra gjennom åra, er dr.philos.-forskrifta nokså uendra.[11] Dette har ført til at det per i dag er stor skilnad på dei to forskriftene. Vi føreslår difor at dr.philos.-forskrifta no skal samordnast med ph.d.-forskrifta.

Dr.philos.-graden er i realiteten ei eksamensordning; ein person som fyller dei formelle krava, kan levera ei avhandling og få høve til å framstilla seg for vurdering sjølv om han/ho ikkje har teke ei doktorgradsutdanning. I forskrifta må dette vera regulert: krava til graden, vilkåra for å framstilla seg og reglar for sensur og eksamen (disputas).

Universitetsdirektøren har vurdert om dei to forskriftene kan slåast saman, men sidan det er noko skilnad på kva som skal regulerast, jf. nedanfor, er konklusjonen at det er best å ha to separate forskrifter også i framtida.

[10] I 2017 hadde berre 60 % av dei som tok til på studiet i 2011 disputert (kjelde: DBH.).
[11] Endringa i 2016 var at det nye institusjonsnamn vart teke inn og at kreeringsordninga vart forenkla slik: *Når et flertall i komiteen har godkjent disputasen, er doktoranden kreert til doktor philosophiae (dr.philos.).*

Forslag til ny dr.philos.-forskrift (vedlegg 12). er utarbeidd etter ein høyringsrunde. Høyringsbrev 26.1.2018 med utkast til forskrift følgjer som vedlegg 14 og 15. Vi har fått svar frå BFE-fak, Helsefak, HSL-fak og Jurfak (vedlegg 16-19).

Høyringsinstansane var særleg bedne om å uttala seg om dette:

- *§ 3 Ansvar for graden*: Vi spurde om fakulteta ynskjer fullmakt til å fastsetja utfyllande reglar til forskrifta.
- *§ 5 Innhaldet i doktorgradsutdanninga, (jf. § i forslag til ph.d.-forskrift.)* Bør det vera ei førelesing meir på dr.philos.-graden enn på ph.d.-graden også i framtida?
- *§ 6 Retten til å framstilla seg.* Bør det vera same krav om utdanningsbakgrunn for å ta dr.philos.-graden som for opptak til ph.d.-studiet?
- *§ 8 Avhandlinga.* Skal ei dr.philos.-avhandling vera meir omfangsrik enn ei ph.d.-avhandling, og bør det i så fall gå fram av forskrifta?

I tillegg inneheldt utkastet forslag til mindre endringar, jf. vedlegg 14 og 15. Fakulteta var også inviterte til å komma med forslag til endringar av andre delar av forskrifta. Svara frå fakulteta er oppsummerte, og vurderingane av forslaga til mindre endringar er kommenterte i eige notat (vedlegg 20).

- *Til § 3 Ansvar for graden*: kommentert i vedlegg 20.

- *Til § 5 Innhaldet i doktorgradsutdanninga, (jf. § i forslag til ph.d.-forskrift.)* Bør det vera ei eller to prøveførelesingar? Opphavleg var det to prøveførelesingar i dei nye gradane dr.scient, dr.art. m.v. Dette vart endra for nokre år sidan, og i ein overgangsperiode kunne fakulteta velja mellom ei og to prøveførelesingar for sitt/sine program. Det er grunn til å tru at dersom dei to forskriftene hadde vorte reviderte parallelt, så ville endringa ha vore gjort i dr.philos.-forskrifta og. Universitetsdirektøren tilrår at det i framtida skal vera ei prøveførelesing i dr.philos.-graden.

- *Til § 6 Retten til å framstilla seg.* Same krav om utdanningsbakgrunn som for opptak til ph.d.-studiet? Dei som vert tatt opp til ph.d.-studiet må ha master eller tilsvarande med gode karakterar (ph.d.-forskrifta § 6, jf. vedlegg 3). Når det gjeld graden dr.philos.-forskrifta har kravet vore meir fleksibelt og anna enn utdanning, t.d. publisering, har kunna vore med i grunnlaget. Fakulteta delte seg på spørsmålet om kva krav som skal stillast. BFE-fak ynskjer å behalda den fleksible ordninga medan Helsefak og HSL-fak ynskjer same ordning for begge gradane. Etter ei samla vurdering har vi komme til at det bør stillast same krav som for ph.d.-studiet, men slik at det ikkje skal stillast karakterkrav for å framstilla seg til dr.philos.-graden.

- *Til § 8 Avhandlinga.* Skal ei dr.philos.-avhandling vera meir omfangsrik enn ei ph.d.-avhandling, og bør det i så fall gå fram av forskrifta? BFE-fak og Helsefak konkluderte ulikt her. Helsefak meiner det kan bli komplisert å praktisera ein slik skilnad, medan BFE-fak tilrår at det skal gjerast tydeleg at det er noko høgare krav til omfang – fakultetet føreslår konkret at kravet skal vera minst fem artiklar. Universitetsdirektøren føreslår ei meir open formulering enn dette, men slik at det skal vera tydeleg at kravet til omfang er større, jf. siste setning i § 8 første ledd (vedlegg 13).

Elles er forslaget i all hovudsak likt ph.d.-forskrifta. Vi gjer særleg merksam på forslaget om at dr.philos.-kandidatar skal ha høve til å omarbeida avhandlinga i første levering (vedlegg 13, § 14 andre ledd). Til no har dette berre vore ei ordning for ph.d.-graden.

Enkelte av paragrafane er ulike fordi grunnlaget for dei to gradane er ulikt; t.d. er klagereglane ulike fordi ph.d.-forskrifta regulerer både opptak, studiet og eksamen, medan dr.philos.-forskrifta berre regulerer eksamen.

Til pkt. 3 i forslaget til vedtak

Organiseringa av ph.d.-programma ved UiT skal vurderast i eiga styresak. Bakgrunnen for dette er at krava til institusjonane når det gjeld ph.d.-utdanninga nyleg er endra[12]. Ei eventuell endring i organiseringa, kan føra til at det vert behov for endringar i ph.d.-forskrifta. Vi tilrår at rektor får fullmakt til å vedta dei nødvendige endringane.

Jørgen Fossland
universitetsdirektør

Pål Vegar Storeheier
forskingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur

Saksbehandlar: Olaug Husabø

Vedlegg:

Til pkt. 1 – ph.d.-forskrifta

1. **Forslag – endringsforskrift om graden philosophia doctor (ph.d.) ved UiT**
2. Høyringsbrev 19.12.2018.
3. Vedlegg til høyringsbrevet - gjeldande ph.d.-forskrift med utkast til endringar.
4. Svar 12.1.2018 frå Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi (BFE-fak).
5. Svar 19.2.2018 frå Det helsevitskaplege fakultet (Helsfak).
6. Revidert svar 5.4.2018 frå Helsefak
7. Innspel til ph.d.-forskrifta – brev 16.2.2018 frå Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fak).
8. Innspel til ph.d.-forskrifta – brev 19.2.2018 frå Det juridiske fakultet (Jurfak).
9. Innspel til ph.d.-forskrifta – brev 16.2.2018 frå Fakultet for naturvitskap og teknologi (NT-fak).
10. Innspel til ph.d.-forskrifta – brev 14.2.2018 frå Universitetsbiblioteket (UB).
11. Oversikt over høyringssvara til ph.d.-forskrifta med kommentarar.

Til pkt. 2 – dr.philos-forskrifta

12. **Forslag – forskrift om graden doctor philosophiae (dr.philos.) ved UiT.**
13. Forskrift 15.12.2005 om graden doctor philosophiae (dr.philos.) ved UiT
14. Høyringsbrev 26.1.2018.
15. Vedlegg til høyringsbrevet - utkast til ny forskrift med merknadar.
16. Innspel til dr.philos.-forskrifta - brev 14.2.2018 frå Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi (BFE-fak).
17. Innspel til dr.philos.-forskrifta - brev 19.2.2918 frå Det helsevitskaplege fakultet (Helsefak).
18. Innspel til dr.philos.-forskrifta - brev 26.1.2018 frå Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fak).
19. Innspel til dr.philos.-forskrifta - brev 19.2.2018 frå Det juridiske fakultet (Jurfak).
20. Oversikt over høyringssvara til ny dr.philos.-forskrift med kommentarar.

[12] Forskrift for kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning § 3-3.